



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51568706

Tildeling av skjønnstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt 2023

I brev av 30. august 2022 inviterte vi til ein søknadsrunde for kommunale fornyings- og innovasjonsprosjekt med søknadsfrist 1. november 2022. Statsforvaltaren i Rogaland har no fordelt 10 millionar kroner til 15 prosjekt.

Om fornyings- og innovasjonsprosjekta

Vindafjord kommune får 400 000 kroner til prosjektet «TØRN, frå innsikt til endring». Gjennom prosjektet skal dei auke gjennomsnittleg stillingsstorleik, iverksette nye turnusar som bidrar til betre ordningar for tilsette og gjennom det gi betre kvalitet på tenestene som blir gitt innan institusjonsdrifta i kommunen.

Bokn kommune får 400 000 kroner til sitt prosjekt «Heiltidskultur». Dette er eit prosjekt som omhandlar arbeidstidsplanlegging i et heiltidsperspektiv. Kommunen skal gjennom prosjektet prøve ut og realisera gevinstpotensiale i ein ny arbeidsplan.

Vindafjord kommune og Bokn kommune vil samarbeide gjennom erfaringsdeling undervegs i de to prosjekta.

Sola kommune, i samarbeid med Klepp, Time og Randaberg, får 1 130 000 kroner til prosjektet «Fremtidens arbeidsprosesser». Gjennom prosjektet skal dei kartlegge arbeidsprosessar og identifisera område som skal endrast for å effektivisera tidsbruk i helsesektoren og heve kvalitet.

Sola kommune, i samarbeid med Sandnes, Sauda, og Stavanger, får 80 000 kr til prosjektet «Innovasjonskonferansen». Dette er ein årleg konferanse som legger til rette for inspirasjon og for deling av erfaringar og idear til innovasjonsarbeid. Konferansen er òg ein arena for å løfte fram lokale innovasjonsprosjekt slik at kommunane kan læra av kvarandre.

Eigersund kommune, i samarbeid med Lund og Sokndal, får 1 000 000 kroner til prosjektet «Nettverkskontakter Dalane barnevern». Gjennom prosjektet skal dei arbeide med å sørge for riktig hjelp til riktig tid for sårbare barn og unge. Dei skal gjere dette ved å få til betre samarbeid mellom barnevern og andre tenester i kommunane.



Strand kommune får 810 000 kroner til prosjektet «It takes a village to raise a child». Gjennom dette prosjektet skal kommunen arbeide med å forebygge ufrivillig skulefråvær som vidare kan føra til skulefråfall ved at ungdommane droppar ut av vidaregåande skule. Kommunen skal opprette eit team som skal bestå av miljøterapeutar som ikkje berre følgjer opp elevane på skulen, men òg på fritida og heime.

Strand kommune får òg 560 000 kroner til prosjektet «Seniorenens hus». Prosjektet har som mål å forebygge einsamheit hos eldre og fange opp einsame eldre i sosiale nettverk for å gjere dei meir robuste i alderdomen og for å unngå for tidleg tenestebehov.

Haugesund kommune, i samarbeid med Karmøy og Stord, får 1 000 000 kroner til prosjektet «Rett hjelp der barnet bur». Kommunane skal saman med Sunnhordaland interkommunale barnevernstenesta arbeide med å involvere og motivere familiemedlemmer til behandling og arbeide for et positivt samarbeid mellom familien, barnevernstenesta og andre nøkkelpersonar i familien sitt nettverk.

Hjelmeland kommune, i samarbeid med Strand, Suldal og Sauda, får 500 000 kroner til prosjektet «Attraktive Ryfylke». Gjennom prosjektet skal det arbeidast med å gjere regionen meir attraktiv for fleire, både med tanke på busetting og næringsutvikling.

Sandnes kommune får 400 000 kroner til prosjektet «Positiv atferdsstøtte (PAS) og SPELL i Sandnes PPT». Prosjektet er et tverr-etatleg samarbeid mellom PPT og EFF i kommunen for å implementere positiv atferdsstøtte og SPELL i PPT, og vidare inn i barnehagar og skular. Med ein felles forståing vil kommunen kunne sikre ein likare praksis og ei meir heilskapleg oppfølging av sårbare familiar.

Lund kommune, i samarbeid med Sokndal og Eigersund, får 150 000 kroner til prosjektet «Implementering av BTI – betre tverrfaglig innsats modell i Lund». BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til med ein heilskapleg og koordinert innsats.

Stavanger kommune, i samarbeid med Sola, Sandnes og Strand, får 950 000 kroner til prosjektet «Saman på god vei – utvikling av gode forløp for brukere som har behov for korttidsopphold i sykehjem». Prosjektet har som mål å finne nye løysingar for å redusera liggetida på korttidsopphald på sjukeheim. Prosjektet skal òg betre kommunanes samhandling med sjukehuset.

Stavanger kommune får òg 600 000 kroner til prosjektet «Intern formidling av klimabudskap til ansatte i Stavanger kommune». Prosjektet går ut på å teste nye kommunikasjonsmetodar og nye digitale verktøy for å skape internt engasjement som skal bidra til grøn omstilling i heile regionen.

Vidare får Stavanger kommune 1 620 000 kroner til Digi Rogaland-prosjektet «Lederutviklingsprogram: Bruk av simuleringsbaserte løysningar til å bygge og spreie kompetanse om digital transformasjon og bærekraft i kommunene». Dette er eit interkommunalt prosjekt der alle kommunane i Rogaland er med. Prosjektet har som mål å styrke kommunale leiarar i arbeidet med å lede sine organisasjonar gjennom den berekraftige omstillinga i offentleg sektor.

I tillegg får Stavanger kommune 400 000 kroner til prosjektet «Saga Skriveklubb – om å komme til orde». I samarbeid med Lesesenteret (UiS), Områdesatsingen og frivilligheten vil kommunen etablere en skriveklubb. Dette vil være eit lavterskeltilbud for barn mellom 9-13 år.



Meir om tildelinga

Det kom inn til saman 21 søknader frå 13 kommunar, med fleire samarbeidskommunar. Det var mange sterke søknader, med tema som omfattar ulike fagområde. I år, som i fjor, har Statsforvalteren lagt eit overordna prioritert område til grunn for vurdering av søknadane: berekraftige velferdssamfunn. Berekraftige velferdssamfunn kan relaterast til fleire av berekraftsmåla. Eigne retningslinjer frå kommunal- og distriktsdepartementet ligg òg til grunn, saman med vurdering av prosjektorganisering, grad av innovasjon, grad av tverrfagleg samarbeid og samarbeid på tvers av kommunane og ikkje minst overføringsverdi til andre kommunar.

For å sikra overføringsverdi blir midlane tildelt under føresetnad av at resultatane frå prosjekta blir delte med dei andre kommunane i Rogaland. Den årlege innovasjonskonferansen er ei aktuell arena for formidling av resultatane. Resultatane skal òg formidlast av Statsforvalteren gjennom prosjektportalens offentlege side: prosjektskjoenn.fylkesmannen.no/offentlig.

Her er ei samla oversikt over prosjekta og fordelinga av midlane.

Prosjektnr.	Prosjektnamn	Kommune	Beløp
11-22-0042	TØRN, frå innsikt til endring	Vindafjord	400 000
11-22-0043	Heiltidskultur	Bokn	400 000
11-22-0044	Fremtidens arbeidsprosesser	Sola mfl.	1 130 000
11-22-0049	Saman på god vei – utvikling av gode forløp for brukere som har behov for korttidsopphold i sykehjem	Stavanger mfl.	950 000
11-22-0050	Nettverkskontakter Dalane barnevern	Eigersund mfl.	1 000 000
11-22-0051	Intern formidling av klimabudskap til ansatte i Stavanger kommune	Stavanger	600 000
11-22-0058	«It takes a village to raise a child»	Strand	810 000
11-22-0059	Seniorenens hus	Strand	560 000
11-22-0061	Innovasjonskonferansen	Sola mfl.	80 000
11-22-0062	Rett hjelp der barnet bur	Haugesund mfl.	1 000 000
11-22-0063	Attraktive Ryfylke	Hjelmeland mfl.	500 000
11-22-0064	Positiv atferdsstøtte (PAS) og SPELL I Sande	Sandnes	400 000
11-22-0066	Implementering av BTI – bedre tverrfaglig innsats modell i Lund kommune	Lund mfl.	150 000
11-22-0067	Digi Rogaland - Lederutviklingsprogram: Bruk av simuleringsbaserte løysningar til å bygge og spre kompetanse om digital transformasjon og bærekraft i kommunane	Stavanger mfl.	1 620 000
11-22-0069	Saga Skriveklubb – om å komme til orde	Stavanger	400 000
SUM			10 000 000

Frist for rapportering 1. mars 2024

Det er ein føresetnad at kommunar som er tildelt prosjektmidlar rapporterer innan **1. mars 2024**. For prosjekt som har fått tildelt prosjektmidlar ved tidlegare tildelingar og som ikkje har levert endeleg rapport gjeld fristen 1. mars 2023.

Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultatane frå



prosjekta må vera dokumenterte for å sikra overføringsverdi og gjennomtenkt pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap.

Ved tildeling av tilskot til fornying- og innovasjon, vil vi legge vekt på om kommunen har rapportert på prosjekta sine innan fristen.

Forutsetningar for tildeling

Prosjektmidlane skal berre gå til formålet som er skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje er gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har brukt dei tildelte midla i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og midlane betalast tilbake.

Innovasjonsmidlar frå Statsforvaltaren skal ikkje gå til vanleg drift, men hjelpe kommunane til å prøve ut løysingar som kan gje betre eller meir effektive tenestetilbod og styrke kommunane sine ulike rollar. Rapportering og erfaringsdeling er viktige verkemidlar for å få nytte av innovasjonsmidlane i heile fylket. Statsforvaltaren oppfordrar kommunar som får tildelt midlar til prosjekt med liknande tematikk til å kontakte kvarandre og gjerne dele erfaringar undervegs.

I tråd med utlysinga av midlane krev vi kommunal eigenfinansiering av prosjekta. Tildelingane blir lagt inn i den vanlege prosjektportalen prosjektskjonn.fylkesmannen.no. Der det er aktuelt, vil vi gjennom portalen gi beskjed om viktige forutsetningar som ligg til grunn for tildelinga. Det er derfor viktig at dei som har fått tildelt midlar følgjer med på tildelinga i prosjektportalen.

Vi gjer merksam på at midlane vil koma som del av 1.terminutbetaling av rammeoverføringa. Dette er eit samlebreve til alle kommunane i Rogaland. Tildelingane blir òg lagt inn i prosjektportalen.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG



Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane